



Austevoll kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statsråd Monica Mæland
0032 OSLO

Vår ref.
17/253-18/4091JpID/MST

Arkivkode
17/253

Dykkar ref.
Regional kystsoneplan for
Sunnhordland og ytre
Hardanger

Dato
20.03.2018

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Eg viser til møte med statsråd Monica Mæland 09.03.2018 der regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger var tema. Austevoll kommune viser til innlegg i møtet og til skriv av 07.12.2017.

I møtet var det særleg tre tema som blei tatt opp av kommunane, og som krev nokre ytterlegare merknader.

Dette gjeld for det første den prinsipielle grensedraginga for kor langt ein regional plan med retningslinjer kan gå utan å kome i konflikt med kommunanes rolle som den primære mynda med kompetanse til å vedta rettsleg bindande arealplanar.

Under møtet blei også landskapsområda som er fastsett i fylkeskommunens kystsoneplan drøfta.

Vidare blei også planens handsaming av akvakulturnæringeras behov, og arealdisponering for akvakulturområda, tatt opp.

I det følgjande vil Austevoll kommune kome med nokre supplerande merknader til desse temaa.

Austevoll kommune meiner at den regionale kystsoneplanen som fylkeskommunen har vedtatt er ein därleg plan, som er ueigna til å tene det føresette planmessige formålet. Departementet bør av denne grunn åleine endre eller oppheve fylkeskommunens planvedtak. Dette vil bli belyst under punkt 2 og 3 nedanfor.

Det kan også stillast spørsmål ved om planvedtaket går for langt med omsyn til at plan- og bygningslova fastset at det er kommunane som skal ha det primære ansvaret for, og mynda til, å planlegge arealbruken i kommunen. Dette er tatt opp under punkt 1 nedanfor.

1. Avgrensing mellom planmyndene til kommune og fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune har gjeve uttrykk for at plan- og bygningslovas reglar er trygg heimel for å kunne vedta ein regional plan, med det innhaldet, i form av retningsgjevande plankart og retningslinjer, som planen gjev.

Dette er etter Austevoll kommunens syn ikkje så likefram som fylkeskommunen vil ha det til.

Plan- og bygningslova, og dens forarbeid, slår fast at det er «... *kommunene som har det primære ansvaret for og myndigheten til å planlegge arealbruken*». Dette skjer gjennom rettsleg bindande kommuneplanar og reguleringsplanar vedtatt av kommunestyra.

Fylkeskommunens kompetanse til å treffe regionale planar er felt ned i plan- og bygningslovas kapittel 8. Dette kan skje gjennom retningslinjer som ikkje er rettsleg bindande for borgarane, men som det vert føresett skal vere retningsgjevande når kommunane vedtar sine arealplanar. Slike regionale planar med retningslinjer inngår ikkje i det formelle planhierarkiet. Dette kan ein blant anna lese ut av plan- og bygningslovas § 1-5, der berre regionale planføresegner, vedtatt etter plan- og bygningslovas § 8-5, kan sette til side tidlegare vedtekne kommuneplanar og reguleringsplanar.

Utgangspunktet etter plan- og bygningslovas kapittel 8 om regionale planar er at det berre i avgrensa utstrekning er høve til å treffe rettsleg bindande *planføresegn* som bind arealbruken. Ein regional plan skal ikkje konkurrere med kommunanens rettsleg bindande arealplanar. Dette kjem til uttrykk i plan- og bygningslovas § 8-5 om regional planføresegn. Rettsleg bindande regional planføresegn kan berre nyttast for å hindre særskilt angjevne bygge- og anleggstiltak for eit avgrensa tidsrom. Det er ikkje tilgang til å gje rettsleg bindande regionale planføresegner som fastset ulike arealformålskategoriar på same måte som i ein kommuneplan eller ein reguleringsplan. Det er altså ikkje meininga at ein i regional planar skal gjere endelige og konkrete arealdisponeringar.

Det er heller ikkje meininga at regional plan *med retningslinjer* skal gjere konkrete arealdisponeringar. For det er berre plan- og bygningslovas § 8-5, med dei avgrensingane som framgår der, som kan nyttast til å fastsette konkrete arealdisponeringar som bind arealbruken. Plan- og bygningslovas § 8-5 om avgrensingar i kva som kan vedtakast av rettsleg bindande planføresegn, er såleis også ein tolkingsfaktor med omsyn til kva innhald regionale planar med retningslinjer kan ha. For lova kan jo ikkje tolkast slik at fylkeskommunane skal kunne unngå dei avgrensingane i plankompetansen som framgår av plan- og bygningslovas § 8-5 ved å kalle planen *retningslinje* heller enn *planføresegn*.

Vidare vil også forarbeidas klare framheving av at kommunane skal vere den primære mynda med omsyn til å fastsette arealbruken i kommunane, utgjere ein viktig tolkingsfaktor for kor langt ein regional plan med retningslinjer kan gå i konkrete, kartfesta arealdisponeringar.

Med bakgrunn i dette – og gitt ansvarsfordelinga som lova gjev mellom kommunanes planmynde og det meir avgrensa høvet til å vedta regionale planar – så vil det måtte gå ei grense for kor langt ein kan strekke ein regional plan med omsyn til konkrete arealdisponeringar, før ein reelt sett har vedtatt ein meir tradisjonell, rettsleg bindande arealplan med plankart og planføresegner.

Kvar denne grensa skal gå er ikkje eit enkelt rettsleg spørsmål, og rettskjeldetilfanget er avgrensa. Men ein rettleiar til lovgjevarvilja har ein likevel, i at lova klart fastset kommunen som

den primære planmynda, og at rammene for regionale planar etter lova er føresett å vere avgrensa.

Det ligg også ein rettleiar med omsyn til lovgevars intensjonar ved at *plankart* ikkje er nemnt med eitt ord i kapittel 8. Kart- og planforskrifta frå 2009, og dei krava som vert stilt til plankart i forskrifta, angjev noko anna enn det retningsgjevande plankartet som er utarbeidd i samband med kystsoneplanen for Sunnhordland og ytre Hardanger. Austevoll er vel klar over at departementet har utarbeidd ein nasjonal produktspesifikasjon av 12.12.0214 med teikneregler for regionale arealplanar. Men ein kan ikkje sjå at desse teiknereglane for regionale planar er forankra i lov eller forskrift.

Og sjølv om departementet skulle avgjere at det er grunnlag for å bruke retningsgjevande plankart i samband med regional plan med retningslinjer, så vil det då uansett vere viktig at retningslinjene ikkje er utforma som tradisjonelle planføresegner slik som ein har i reguleringsplanar og kommuneplanar. Kombinasjonen av kartfesta arealdisponeringar og konkrete, imperativsformulerte retningslinjer som pålegg og forbyr bestemt arealbruk, vil gå ut over rammene for det ein regional plan er meint å vere.

Når ein som her vedtar ein regional kystsoneplan med kartfesta arealdisponeringar, og retningslinjer med spesifikke anvisingar, i form av forbod og påbod knytt til dei ulike formene for kartfesta arealbruk, så har ein i realiteten vedtatt ein plan som i form og uttrykk tilsvavar ein tradisjonell kommuneplan eller reguleringsplan. Og det er ikkje meiningsa med regionale planar etter plan- og bygningslovas kapittel 8.

Omverda vil ikkje kunne sjå eller forstå skilnaden ved at det her er tale om *arealsoner* og ikkje *arealformålssoner*. Eller at det er tale om *retningslinjer* og ikkje bindande *planføresegner*. Ein regional plan bør derfor ikkje formulerast på same måte som planføresegner i ein kommuneplan eller reguleringsplan – men ha form og innhald som det det er meint å vere: Nemleg ein rettleiar til dei som skal utarbeide rettsleg bindande planar for kommunane. I motsatt fall vil ein også risikere at den regionale planen vert nytta som avslagsgrunn av andre mynde, til dømes akvakulturmynde, mattilsyn og forureiningsmynde.

Ein regional plan med den forma og det innhaldet kystsoneplan har, vil derfor avgrense kommunanenes moglegheit til å eigengodkjenne arealplanar i langt større grad enn det plan- og bygningslova føreset. Sjølv der kommunane har utarbeidd ein god planfagleg grunngjeving for ein plan, så vil fylkeskommune/fylkesmann kunne nytte den regionale planen som motsegnsgrunnlag. Fylkeskommunen manøvrerer seg inn som motsegnsmynne og dermed som ein planrettsleg «overkommune».

Forarbeida til plan- og bygningslova er også tydelege på at regional plan berre skal nyttast for å gje retningslinjer om grenseoverskridande forhold som ikkje kan fangast opp i kommunanenes eigne planar. Også her går den vedtekne kystsoneplanen altfor langt.

Grensegangen mellom dei ulike plantypane er i lita grad gjort i eksisterande lov og forarbeid, og dette krev ei utgreiing frå departementets side som ikkje er gjort per dags dato. Austevoll kommune meiner ei slik grensedraging vil synleggjere at kombinasjonen av kartfesta arealdisponeringar og utforming av tilhøyrande planretningslinjer i kystsoneplanen går for langt.

Som me skal sjå nedanfor er den type konkrete arealdisponeringar som er gjort i planen også eit ueigna planverktøy. Dette skuldast at Hordaland fylkeskommune ikkje har gjort eit tilstrekkeleg grundig og nøyaktig arbeid i samband med dei arealdisponeringane som er gjort. Overordna

planlegging, for store område som dekker mange kommunar, er derfor ikkje eigna som grunnlag for konkrete arealdisponeringar. Som me skal sjå nedanfor er fylkeskommunens kartfesta arealdisponeringar i mange tilfelle heilt meiningslause, og utan ei gjennomtenkt, planfagleg grunngjeving. At regionale planar ikkje er eigna som verktøy for konkret arealdisponering av kommunanes areal bør også gjevast stor vekt i grensedraginga av regional planmyndes kompetanse etter plan- og bygningslovas kapittel 8.

2. Fastsetting av landsområde i kystsoneplanen manglar planfagleg grunngjeving

Det seier seg nesten sjølv at det ikkje er mogleg å føreta ei saksutgreiing for heile Sunnhordland og ytre Hardanger som kan gje eit sakleg og forsvarleg grunnlag for konkrete arealdisponeringar.

Fastsetting av *landskapsområde* i det retningsgjevande plankartet til kystsoneplanen er eit døme på dette. Områda markert som landskapsområde er langt meir omfattande enn nødvendig. Ei detaljert, sakleg og balansert arealvurdering som kommunane har gjort, er derfor eit langt betre utgangspunkt for bindande arealbruk. Den regionale planen blir meningslaus som planverktøy for kommunane, samstundes som den legg avgrensingar på kommunanes fridom i arealplanlegginga.

Dersom ein tar utgangspunkt i dei uttala målsettingane for kystsoneplanen, slik dei er formulerte i planprogrammet, så var eit viktig formål å «å styrka berekraftig marin næringsutvikling med mål om å etablere lønsame distriktsarbeidsplassar». Når det gjaldt natur, kulturmiljø og landskap var det planprogrammets føresetnad at planlegginga skulle vere basert på «... oppdatert og tilgjengeleg kunnskap om arealbruk og natur- og kulturminne-kulturmiljø og landsverdiar».

Møkster i Austevoll kommune er eit godt døme på korleis gode intensjonar endar med mageplask når fylkeskommunen skal omsette generelle føresetnader og mål, til konkret arealdisponering.

Møkster er eit lite øysamfunn som har eit begrensa grunnlag for å sikre eksisterande busetnad. Øya har 48 innbyggjarar. Her det butikk, næringsverksemد og ei lita hamn. Øya har ikkje vegsamband til resten av kommunen og transport må skje med båt. Havbruk er viktigaste næringsveg. Dette er typisk eit lokalsamfunn som treng drahjelp for å oppretthalde busetnad og arbeidsplassar, og kommunen har saman med andre instansar jobba målretta for dette.

Møkster var satsingsområde for *livOGlyst-prosjektet* – som var fylkeskommunen og Fylkesmannens eiga satsing for å styrke lokalsamfunn. Møkster var også omfatta av regjeringsas *Bulyst-satsing*, som hadde til formål å gjøre det attraktivt å busette seg i distriktskommunar. Her var nettopp varige tekniske inngrep – bustader – eit viktig element, og som har skjedd på Møkster. I 2012 blei det i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland fastsett ein skjøtselsplan for kystlyngheia nord på Møkster. Oppfølginga av planen føreset busetting på øya.

Satsinga på Møkster-samfunnet blei følgd opp i kommuneplanen for Austevoll, vedtatt i 2013. I arealplankartet blei det gjort vurderingar og avvegingar med omsyn til dei områda som skulle kunne utviklast for naust, hamn, småbåthamn og LNF med spreidde bustader og fritidsbustader. Mesteparten av øya vart likevel disponert til LNF-formål. I sjø var det avsett areal spesifikt til akvakultur, hamneformål og fiskerirelaterte formål. Noko sjøareal var avsett til fleirbruksområde for bruk og vern av sjø og vassdrag. Mesteparten var likevel avsett til friluftsområde i sjø.

Naturreservata vest av Møkster, Vestre og Indre Mågabøl, Myrbærholmen og Kvitingen, var sjølvsagt ivaretatt i kommuneplanen. Dette gjaldt også naturinteressene knytt til Måkesteinane og Terneskjær. Områda hadde dels også vernestatus etter naturvernlovene.

Vedlegg 1: Møkster – utsnitt av KPA-plankart med teiknforklaring

Balansen for bruk og vern som er fastsett i kommuneplanen som grunnlag for satsinga på Møkster-samfunnet, blir øydelagt når fylkeskommunen utan nøyare arealvurderingar set «landskapsområde» over heile Møkster og nesten alle sjøområda rundt.

Område for spreidd bustadbygging for bustad og fritidsbustad, hamneområde, naustområde, og også monalege område avsett til akvakultur mellom Kuøya og Langøya er lagt inn i landskapsområde, der retningslinjene slår fast at «*Nye områder for akvakultur og større varige tekniske inngrep skal i hovudsak ikkje tillatast.*»

Den arealdisponeringa som fylkeskommunen har gjort er øydeleggande for Møkster-samfunnet. I staden for å fremje busetnad og næringsutvikling på Møkster, jamfør planmålet fastsett i planprogrammet, så øydelegg kystsoneplanen for nettopp dette formålet.

Vedlegg 2: Møkster – kystsoneplankartet vedtatt av Hordaland fylkeskommune

Om ein les planomtalen til kystsoneplanen (side 23) så er formålet med landsområdet på Møkster å ta vare på sjøfuglreservat og førekomstar av kystlynghei. Men desse formåla er jo allereie fullt ut ivaretatt i kommuneplanen for Austevoll og dei statlege vedtaka om oppretting av naturreservat. I staden for å bygge fastsettinga av landsområda på oppdatert og tilgjengeleg kunnskap, herunder kommuneplanen i Austevoll, så framstår arealdisponeringa som tilfeldig og lite kunnskapsbasert. Ein kan jo også spørje seg kor mykje kystlynghei som blir att om ingen kan bli buande på Møkster og skjøtte kulturlandskapet på grunn av fylkeskommunens «nei» til akvakultur og varige tekniske inngrep.

På same måte dekker landskapsområda nord i Austevoll kommune store delar av Storekalsøy. På grunn av næringsverksemdu og tilrettelegging for nyetablering, har Storekalsøy vakse til å bli kommunens fjerde største i folketall. Den positive utviklinga skuldast også opning av eit fylkeskommunalt brusamband. Ein bør såleis kunne legge til grunn at vekst og utvikling på Storekalsøy ikkje berre er eit kommunalt ønske, men også fylkeskommunalt. I kystsoneplanen har likevel Hordaland fylkeskommune lagt landskapsområde langt inn på land. Og monalege område, også område som er opna for utvikling i kommuneplan til dømes på Skårøyi og Krossøyi, er lagt inn i landskapsområdet utan at dette verken er konsekvensutgreidd eller planfagleg grunngjeve på forsvarleg vis.

Vedlegg 3: Storekalsøy m.m. – utsnitt av KPA-plankart

Vedlegg 4: Storekalsøy m.m. – utsnitt kystsoneplankart

Døma viser at kystsoneplanen gjer stor skade på Austevoll kommunes plandisponeringar som legg til rette både for nødvendig vern og nødvendig utvikling av bærekraftige lokalsamfunn i distrikta.

Den neverande forma til kystsoneplanen vil vere ein klamp om foten på utvikling av fleire lokalsamfunn i Austevoll kommune, og tener ikkje dei definerte planformåla.

Hadde fylkeskommunen i planprosessen vore innstilt på å lytte til kommunane, og vist respekt for den monalege planfaglege kompetansen og lokalkunnskapen som finst i kommunane, burde ein kunne unngått slike utilsikta, negative konsekvensar av kystsoneplanen. I staden har kommunane opplevd fylkeskommunen som sta og eigenrådig. Fylkeskommunens tilnærming til medverknad i planprosessen har vore å la kommunar og andre kome med innspel, og deretter i hovudsak ignorere innspela.

3. Kystsoneplanen sikrar ikkje akvakulturnærings behov for areal og bærekraft

På side 33 i kystsoneplanen forklarar ein bakgrunnen for arealdisponeringa som er gjort i plankart og retningslinjer for akvakultur. Her heiter det:

«I tillegg til områda som vert utvida kring allereie eksisterande anlegg vert det lagt ut kombinerte arealsoner som inkluderer akvakultur i nokre områder der det per i dag ikkje ligg eksisterande anlegg. Desse områda er i utgangspunktet tenkt brukt til anlegg som ynskjer å ta i bruk ny teknologi, havgåande for dei ytre, eksponerte områda, og lukka anlegg for dei meir beskytta indre områda.»

Planen avset med andre ord ikkje noko nye sjøareal til ordinære, merdbaserte oppdrettsanlegg. Berre eksisterande anlegg er arealdisponerte eksklusivt til akvakultur, og alle nye lokalitetar ut over dette føreset å vere lukka anlegg eller havbaserte anlegg. Når det gjeld lukka anlegg i sjø har fylkeskommunen sett for seg bruk til postsmoltanlegg.

Sjølv om desse avgrensingane berre er nemnt i planomtalen og ikkje i retningslinjene, så er også planomtalen ein del av den vedtekne planen – og ein må rekne med at fylkeskommune, fylkesmann og andre vil tolke retningslinjene i samsvar med planomtalen. Ein kan såleis ikkje bagatellisere dei avgrensingane som planen legg opp til.

Kystsoneplanen (side 29) hevdar også at den gjennomførte akvakulturanalysen «... konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å gjøre vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur».

Kystsoneplanen er på dette punktet basert på eit positivt uriktig faktum. I staden for å fremje arealbehovet for næringa – slik den definerte målsettinga i planomtalen er – så legg kystsoneplanen hindringar i vegen for ei berekraftig utvikling av havbruksnæringa.

At planen ikkje avset areal til nye lokalitetar for tradisjonelt merdbasert oppdrett, og til og med påstår at det ikkje er behov for dette, er langt unna den faktiske røynda. Det avslører at planavdelinga i fylkeskommunen ikkje har gjort seg kjent med havbruksnærings behov.

Sanninga er at havbruksnæringa i planperioden, som er stipulert til 10-12 år, vil ha eit stort behov for nye lokalitetar i planområdet, både i Austevoll og i andre kommunar. Særleg for små oppdrettarar, med få konsesjonar, vil strengare krav til atskilde utsett på generasjonar, vår og haust, og felles brakklegging, føre til behov for nye lokalitetar.

Tilpassing av lokalitetsstruktur for å vere best mogleg rusta til å hindre smitte av lus, PD, ILA og andre agens vert aktualisert med jamne mellomrom. Bekjempingssona for ILA i Austevoll, som Mattilsynet no har til handsaming, er eit døme på dette. Flytting av lokalitetar vil også kunne bli nødvendiggjort av miljømessige omsyn, til dømes ny kunnskap om vandringsmønstre for villfisk, straumforhold, botnsedimentering og anna. Og det er slett ikkje gjeve, slik det framgår

på side 29 i kystsoneplanen, at ein då berre kan utvide eksisterande lokalitetar – og at det dermed ikkje vil vere behov for nye.

Det er med andre ord ikkje mogleg å vareta omsynet til næringas behov, fiskevelferd, smittevern og miljø utan samstundes å ta høgde for at det vert avsett areal for nye lokalitetar til tradisjonelt, merdbasert oppdrett. Når desse grunnleggande faktiske forholda ikkje er oppfatta av fylkeskommunen, då får også kystsoneplanen grunnleggjande og alvorlege veikskapar.

Det må også takast planmessig høgde for vekst i PO 3 i planperioden. Om omsynet til lus og villfisk opnar for vekst, noko som er truleg innanfor eit 10-12 års perspektiv, så vil også dette nødvendiggjere behov for ytterlegare lokalitetar både for store og små oppdrettarar.

Det er heller ikkje grunnlag for påstanden om at akvakulturanalysen «... konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å gjere vesentlege endringar i dagens lokalitetsstruktur».

I akvakulturanalysen heiter det nemleg (på side 83):

«Sjølv om ein ikkje ser for seg ein produksjonsauke i planområdet før lusetrykket vert lågare, vil det vera viktig å setja av areal til framtidig utviding av oppdrettsproduksjonen, då ein må forventa at luseproblemet på sikt vert løyst (...).»

Og vidare at:

«Dersom plankartet, på eit overordna nivå, kan vise nye areal med oppdrettsformål, vil dette gje næringa mogelegheit for å søkje om nye lokalitetsløyver eller utviding av eksisterande. Slike søknader vil verta handsama etter anna lovverk og sikre at alle tilhøve vert ivaretatt, slik som søknadsprosessen er i dag.»

Det er altså ikkje grunnlag i akvakulturanalysen for å hevde at det ikkje kan settast av nokon nye lokalitetar til merdbaserte løysingar. At det vert sett av areal til lukka anlegg i område som elles ikkje kan opnast for oppdrett, er bra. Like eins at det vert sett av areal i eksponerte område til havs til bruk for framtidig teknologi. Men at det ikkje skal kunne opnast for nokon nye lokalitetar med tradisjonelle opne merder i planområdet er ikkje forankra i akvakulturanalysen.

Akvakulturanalysen er også tydeleg på at dagens anlegg med opne merder vil vere dominerande i heile den 10-12-årsperioden som kystsoneplanen er meint å gjelde for. På side 84 heiter det:

«Veksten er basert på ei kontinuerleg teknologisk utvikling av oppdrettsnæringa. Sjøanlegga har utvikla seg frå små og mindre robuste anlegg av tre, til større og meir robuste anlegg av stål eller plast. Anlegg har som konsekvens av dette blitt flytta frå skjerma område til meir vêrutsatte område med mellom anna betre straumtilhøve. Mykje tyder på at dagens teknologi med opne nøter vil vera den rådande teknologien i mange år framover.»

Postsmoltanlegg i lukka sjøanlegg, som akvakulturanalysen omtalar, vil kunne vere ein mindre del av ein framtidig produksjonsstrategi. Men når fylkeskommunens plan berre avset nye lokalitetar til noko som aldri kan bli meir enn eit supplement til opne sjøanlegg, er behova til verken næringa eller miljøet ivaretake.

Vidare heiter det på side 33 i kystsoneplanen at «*komuneplanavklarte areal til akvakultur er avsett som kombinert arealsone som inkluderer akvakultur*». For Møksters del stemmer ikkje

dette. Ved Møkster er monalege areal som i kommuneplanen er avsett til akvakultur, arealdisponerte til landsområde i kystsoneplanen. Planomtalen gjev altså eit bilet som ikkje stemmer med dei arealdisponeringane som faktisk er gjort.

Realiteten er at ny kunnskap om straumforhold, vandringsruter for villfisk og miljøforhold nettopp vil kunne skape behov for nye lokalitetar, også for tradisjonelle merdanlegg. Like eins vil soner med koordinerte utsett og brakklegging, for å førebygge sjukdom og smitte, også skape behov for nye lokalitetsstrukturar. Også framtidig vekst vil krevje areal til nye lokalitetar. Tilnærminga til fylkeskommunen med å fryse fast no-situasjonen vil sette næringa monaleg tilbake – og verken fremje miljøomsyn, smittevern, fiskehelse eller næringsomsyn. Heller ikkje for akvakultur ivaretak såleis kystsoneplanen dei målsettingane som var angjevne som eit av dei styrande formåla for heile planprosessen.

4. Vidare oppfølging av saka

Austevoll kommune opprettheld kravet om at fylkeskommunens vedtak om kystsoneplanen anten må opphevest, eller at departementet endrar både planens kart, retningslinjer og planomtale. Det første må sjåast på som det mest nærliggjande.

For det fall departementet endrar kystsoneplanen vert det kravd at landskapsområda for Møkster, Storekalsøy, nordre Hundvåkøy, Skårøy og Krossøy vert redusert slik at dei samsvarar med områda avsett til vern i kommuneplanen til Austevoll.

Det vert også kravd at det vert tydeleggjort at alle areal avsett til akvakultur i kystsoneplanen, også «*utvida omr. med AK*», kan nyttast til alle formar for havbruk, også tradisjonell merdbasert oppdrett. Det må også presiserast at kommunane i kommuneplan eller reguleringsplan kan arealdisponere til akvakultur også i område avsett til sjø og vassdrag generelt, og dermed at parentesen «(eks AK)» vert fjerna i teiknforklaringa i plankartet.

Austevoll kommune bistår gjerne departementet i vidare handsaming av saka.

Venleg helsing



Morten Storebø
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Fitjar kommune

Hordaland fylkeskommune

Kvinnherad kommune

Sveio kommune

Tysnes kommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Vedlegg:

Dok.dato **Tittel**

20.03.2018 Skannet
20.03.2018 Skannet

